

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala  
Sak nr.: 15/13011-1

## Kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll 2016

### Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Bestillingsdokument for finansiell revisjon og selskapskontroll 2016 for Sogn og Fjordane fylkeskommune, totalt kr. 1 757 658 vert godkjent og sendt SF revisjon IKS.

[... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓](#)

#### Vedlegg:

- Bestillingsdokument for kjøp av finansiell revisjon og selskapskontroll
- SF revisjon – Budsjett 2016 – Fordeling av revisjonskostnadar

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Selskapsavtalen for SF revisjon IKS

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

Kontrollutvalet skal sjå til at fylkeskommunen har ei forsvarleg revisjonsordning. Dette er regulert i forskrift om kontrollutval § 4.

I merknaden til den nemnde paragrafen står det mellom anna at kontrollutvalet har ansvaret for å sjå til at fylkeskommunen vert revidert, og at revisjonen vert gjennomført innan dei rammer som fylkestinget set i samsvar med kommunelova § 76 og § 78 nr. 3.

Føremålet til SF revisjon IKS er ifølgje selskapsavtalen å dekke fylkeskommunen sine behov innan finansiell revisjon, selskapskontroll samt attestasjonsoppdrag.

Det går fram av selskapsavtalen, som gjeld frå 1.1.2014, § 4 at utgiftene til dekning av finansiell revisjon og attestasjonsoppdrag samt administrasjonsoppgåver, heretter nemnt som finansiell revisjon i saka, vert dekkja av eigarane etter fast fordelingsnøkkel der eigardel utgjer 10% og medgått tid 90%. Fakturering vert akonto to gonger årleg i samsvar med det vedtekne budsjett for selskapet. Endeleg avrekning skjer ved utgangen av året.

I vedteke budsjett for SF revisjon IKS for 2016 er inntekter frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til finansiell revisjon og selskapskontroll budsjettert med kr. 1 757 658. Selskapskontrollen vert lagt inn under «Andre tenester Fordeling faktisk timeforbruk», som er ein akontodel av budsjettert beløp på kr. 611 069. Dette vil med andre ord seie at selskapskontroll vil vere dekkja av akonto-beløpet som vert fakturert to gonger i løpet av 2016. Etter årsslutt 2016 vil selskapet gjere ei vurdering av om fylkeskommunen har teke ut timar i samsvar med akontobeløpet som er innbetalt.

I kontrollutvalet sitt budsjett er finansiell revisjon og selskapskontroll på kr. 1 671 500. Det er kr. 86 000 mindre enn kostnaden frå SF revisjon IKS. Dette er problematisert i saka «Kontrollutvalet – Budsjett 2016 - Disponering av vedteken budsjetttramme».

Denne saka gjeld bestilling av finansiell revisjon og selskapskontroll.

Forvaltningsrevisjon vert bestilt i samsvar med rammeavtalen fylkeskommunen har med Deloitte AS.